

Årsmelding 2019

VÅGÅ FJELLSTYRE

Vågå fjellstyre forvaltar Langmorkje statsallmenning (884 km²) og Nordherad statsallmenning (24 km²).

Fjellstyret

Fjellstyret 2019: leder Ivar Vistekleiven (Ap), nestleder Ketil Gutubø (BL), Helny Svaet (Ap), Steinar Håkenstad (Sp) og Kjersti Aasvang Dalen (Sp).

Etter kommunevalet vart det vald følgjande nytt fjellstyre, og med personleg varamedlem i parentes:

Pål Grev (Ap), leder	(Sverre Braaten)
Hans Petter Vaberg (Bl), nestleder	(Steinar Aasgaard)
Gunn Berit Aasheim (Ap)	(Rita Danilelsen Benrud)
Steinar Håkenstad (Sp)	(Marius Haugaløkken)
Turid Grimsbø Snerle (Sp)	(Kjersti Aasvang Dalen)

Det nye fjellstyret hadde sitt fyrste møte 20. november.

Det har vore fem fjellstyremøte med behandling av til saman 38 saker, av desse 10 saker etter fullmakt (delegert til dagleg leder).

Sakene fordeler seg slik på type og antal:

- Referatsaker	5 (105 refererte saker/dok.)
- Administrative saker, diverse val m.m.	5
- Søknader tilskot/utbetaling tilskot/økonomi	6
- Arealplanar og andre planar (høyring)	1
- Om hyttefeste/andre feste (uttale Statskog)	0
- Andre arealdisp. (uttale Statskog/kommunen)	2
- Søknad beiteareal, tilleggsjord	4
- Setersaker (m.a. bygging på seter)	2
- Fiske	0
- Jakt/viltforvaltning	5
- Hundtrening/hundprøver	6
- Anna	2

Styremedlemmer har møtt på vegne av fjellstyret i ulike samanhengar, t.d. årsmøte for fjellstyra i Oppland. Ivar Vistekleiven er leder i AS Vågåfisk. Steinar Håkenstad er leder i styret for Vågå Sør viltområde.

Oppsynsordninga/sekretariatet

Sekretariatet for fjellstyret er det fast heilårstilsette fjellopsynet, dvs. Knut Øyjordet (dagleg leder) og Erik Myrum. Vidar Rugsveen er fast tilsett i 7 månader, i perioden ca. 15. april – ca. 15. november.

Fjellstyret har også sekretær- og rekneskapsarbeidet for Finndalen fjellstyre, AS Vågåfisk, for Vågå Sør viltområde, kortsal og oppsyn med småviltjakta i ”Nordherad fellesområde”, og administrering av villreinvaldet ”Vågå fellesområde”. Fjellstyret har elles avtale med Miljødirektoratet/SNO om oppsyn og skjøtseloppgåver i Jotunheimen nasjonalpark og i dei mindre verneområda i Langmorkje. Dette utgjorde ca. 32 dagsverk i 2019.

Sekretærarbeid og administrasjon tek ein stor del av tida til fjelloppsynet, spesielt i vinterhalvåret. Oppsummering av arbeidstid samla for året, viser denne prosentfordelinga:

- Oppgåver som gjev grunnlag for refusjon 57,7 % (dvs. oppsyn 5,5, skjøtsel 24,4, saksbehandling 6,9 og anna innarbeid 20,9).
- Andre oppgåver 6,2 % (kortsal 3,1, rekneskap 3,1).
- Verna område 5,0 %.
- Finndalen fjellstyre 5,7 %.
- AS Vågåfisk 16,6 %.
- Andre tenester 8,8 % (vart høgare enn vanleg dette året).

I oppsyn med jakt og fiske blir brukarkontakt vektlagt, der informasjon og tilbakemeldingar frå brukarane er viktig. Spørsmål om løysing av kort skjer for det meste ved stikkontrollar. M.a. vart 91 småviltjegerar og 35 fiskarar kontrollert. Ingen forhold vart meldt til politiet dette året. Ni forhold vart oppgjort ”på stedet” (fem tilfelle laushund, eitt tilfelle fising, eitt storviltjakt og to tilfelle brot på vernereglar; el-sykling).

Arbeidsmiljø, likestilling, ytre miljø m.m.

Som nemnd ovanfor, hadde fjellstyret i 2019 to heilårstilsette og ein fast tilsett på deltid. Samla utgjør dette ca. 2,6 årsverk. Det har ikkje vore skader eller ulykker i løpet av året. Arbeidsmiljøet må seiast å vera tilfredsstillande. Ein kan ikkje sjå at verksemda tilfører forureining til det ytre miljøet. Vedrørande likestilling, blir den kvinnelege representasjonen i styret ivaretatt i kommunen si oppnemning av medlemmer til fjellstyret etter kvart kommuneval.

Fjellstyret har vedteke regelverk for helse, miljø og sikkerheit (HMS). Innhaldet i regelverket blir følgd opp og revidert når det er nødvendig. Som ei oppfølging av internkontrollsystemet, skal dagleg leder leggje fram ein rapport til fjellstyret innan 1. juli kvart år.

Arealplanar, arealforvaltning og grunndisponering

Arealplanar/diverse arealsaker

Av arealsaker kan nemnast:

- Uttale til revisjon av reguleringsplan for Gjendeosen – Maurvangen.
- Søknad om etablering av veg til ei hytte ved Lemonsjøen.

Andre saker

Av andre saker kan nemnast:

- Høyring av NOU 2018:11, ny fjellov.

Jordbruk

Seter, tilleggsjord og beiteareal

Av setrer med mjølkeproduksjon, var det registrert 9 enkeltsetrer, to samdrifts-/fellessetrer og ei fellesseter for geit (i Griningsdalen).

Fjellstyret behandla ei sak om utvising av beiteareal inntil setra (vist ut ca. 8 dekar til Tor Arne Løkken i Bøneslie). Det vart behandla to saker om utvising av ledig dyrkingsparsell, ein i Synstlie og ein ved Melingen. Parsellen i Synstlie vil bli ferdigbehandla i 2020. Parsellen ved Melingen på ca. 7,5 dekar vart vist ut til Knut Stadeløkken.

Beite

I beitelaga Nordherad, Baksida, Tessand, Fuglhøe, Hindflye, Russdalen, Besstrondfjellet, Leirungsdalen og Stuttgongkampen er det organisert ordning med gjeting. Fjellstyret gjev tilskot til ordninga etter følgjande retningslinjer:

”For organisert gjeting av sau i Langmorkje og Nordherad statsallmenningar, vil fjellstyret frå 2007 og inntil vidare gje 20 % av kostnadane i tilskot til beitelaga for utgifter til gjetar, med eit maksimalbeløp på kr. 15.000,- pr. lag. For Nordherad beitelag og Baksida beitelag som også omfattar område med privat grunn, vil fjellstyret gje 10 % av kostnadene. Tilskotet vil bli utbetalt når rekneskapet frå beitelaga føreligg”. Tilskotet vart dette året på kr. 58.014,-.

Av sau og lam vart det i Tessand beiteområde sleppt 1.671 dyr, i området Fuglhø/Hindflye 894, Russdalen 1.278, på Besstrondfjellet/Leirungsdalen 831, og i området Stuttgongkampen/Refjellet 1.218 dyr. Det var lite tap forårsaka av rovdyr.

Tabellen nedanfor viser talet på husdyr på beite i Sjødalen, Heimfjellet og Nordherad. Tala for Heimfjellet omfattar også areal utanom statsallmenning, dvs. alt areal sør for Otta elv. Tala for Nordherad omfattar heile arealet innan Vågå kommune mellom Vågavatnet og Finna.

Område	Sau og lam	Mjølkeku/ ammeku	Anna storfe	Geit	Hest
Sjødalen	5.425	140	287	463	2
Heimfjellet	2.824	412	572	2	0
Nordherad	721	41	80	2	2

Elles leiger fjellstyret ut beite til Vågå Tamrein AS, og det vart inngått ei ny 10-års beiteavtale i 2014. I tillegg leiger Lom Tamrein området ved Fuglhøe i ti dagar før haustslaktinga.

Setervegar

Det er eige vegstyre for desse vegane: Heimfjellvegen, Tessosen – Aasvangsetra, Megardsåsen (ny frå 2015), Valdesetervegen, Slombvegen, Nysetervegen, Fuglesetervegen, Sjolivegen – Sallivegen og Griningsdalsvegen. Fjellstyret fordelte totalt kr. 200.000,- til vegstyra.

Jakt

Elg- og hjortejakta

Langmorkje statsallmenning er med i Vågå Sør viltområde, der Ottadalen-Skårsroe grunneigarlag, Sjørdalen viltlag, Strandens jaktforening, Storviksmorkje jaktforening og fjellstyret samarbeider i eit "storvald" og med felles bestandsplan for forvaltning av elg, hjort og rådyr (samarbeid sidan 1993). 2019 var fyrste året i nye treårsavtaler. Fjellstyret vedtok å prøve ut delt jakt for tre av felta; Synstli-Kvitingen (utanbygds), Lemonsjø-Tesse (innanbygds) og Randverkområdet (utanbygds), med 11. oktober som dato for skifte av lag. Det vart dessutan laga tre jaktfelt av dei to inste felta, Griningdalen og Sjødalen. Totalt er det nå 9 felt og med 12 lag (fem utanbygds lag).

I Langmorkje vart det tildelt 48 elgar og 8 hjortar, og felt 46 elgar og 6 hjortar. Totalt vart det felt 63 elgar og 37 hjortar i Vågå Sør viltområde. I Nordherad fellesområde der Nordherad statsallmenning er innlemma, vart det felt to elgar og 14 hjortar. Tabellen nedanfor viser tildelt elgkvoter og avskyting dei ti siste åra (i Langmorkje).

År	Kvote	Felt	Kalv hann	Kalv ho	1 ½ år hann	1 ½ år ho	Eldre hann	Eldre ho
2010	31	28	6	2	5	2	9	4
2011	33	32	2	5	9	4	6	6
2012	35	30	2	6	7	4	9	2
2013	38	36	10	2	7	7	7	3
2014	41	39	9	3	6	3	12	6
2015	42	42	6	7	3	9	11	6
2016	38	34	7	4	5	4	10	4
2017	46	43	7	9	6	6	9	6
2018	45	41	5	3	8	7	12	6
2019	48	46	3	4	10	4	13	12

Det vart frå 2019 opna for hjortejakt i Jotunheimen nasjonalpark. Dette felles jaktfeltet med Lom fjellstyre vart oppretta på 1980-talet for jakt på elg. Frå 2003 har det vore freda for jakt der pga. liten elgbestand. Men i dei seinare åra har det etablert seg ein bra bestand av hjort, og ein fann det forsvarleg å opne for hjortejakt. Fjellstyra var einige om at Lom skulle starte med å tilby jakta til innanbygds lag frå Lom, men ingen søkte. Derfor vart jakta lyst ut blant jaktlag i Vågå, der to lag søkte og Jermund Vassdokkens` s jaktlag fekk tildelt jakta. Det var kvote på to dyr og det vart felt ein vaksen bukk på 72 kg (6-tagger) på sørsida av Gjende ved Svarva.

Som eit tiltak i å få redusert beiteskader på furuskog, vart det frå 2011 opna for jakt på trekkelg i utvida jakttid, dvs. i januar. Dette vart ikkje vidareført i 2019 fordi søknaden frå kommunane (Vågå, Sel og Nord-Fron) om jakt etter nyttår vart avslått av Miljødirektoratet.

Villreinjakta

Nordherad statsallmenning fekk tildelt 7 kort, og det vart felt 7 dyr. I Vågå fellesområde, som omfattar alle jaktfelta i Vågå, vart det felt 23 av 29 dyr og i Finndalen statsallmenning 49 av 72 dyr.

Rådyrjakta

Rådyrjakta i Langmorkje skjer i tre jaktfelt, og i 2019 vart det tildelt 35 kort (to av desse gavepremie). 17 av korta vart tildelt som bukkejakt med jakttid 10. august til 24. september og eventuelt fram til jul dersom dyret ikkje blir felt i bukkejakta. I Langmorkje vart det felt 9 dyr (6 dyr i 2011, 9 i 2012, 10 i 2013, 5 i 2014, 10 i 2015, 7 i 2016, 14 i 2017 og 10 i 2018). Tilbakemelding frå jegerane er at rådyrbestanden er på «tur opp att».

I Nordherad statsallmenning inngår rådyrjakta som ein del av samarbeidsavtala om jakt i Nordherad fellesområde. Det er Nordherad grunneigarlag som administrerer elg-, hjorte- og rådyrjakta. Det vart seld 23 kort og felt 9 dyr.

Småviltjakta

Med grunnlag i taksering før jakta, jaktrapportar, direktekontakt med jegerar og observasjonar gjort av fjelloppsynet og andre, var bestanden både av fjellrype og lirype på middels nivå. Det vart vedteke ei dagskvote på 2 liryper/fjellryper.

Kortsalet

Tabellane nedanfor syner utviklinga i talet på selde jaktkort siste 10 åra.

Innanbygds utan hund

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Samla
2010	10	2	3	47	62
2011	13	3	1	40	57
2012	18	2	1	20	41
2013	18	3	3	41	65
2014	11	4	1	47	63
2015	11	6	1	27	45
2016	12	3	2	37	54
2017	15	5	1	49	70
2018	7	1	3	45	56
2019	5	2		33	40

Utanbygds utan hund. Tala i parentes er talet på kort selde etter nyttår

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Samla
2010	409 (23)	293 (22)	61 (2)	56 (0)	819 (47)
2011	408 (27)	340 (26)	54 (3)	60 (1)	862 (57)
2012	399 (24)	207 (23)	38 (3)	57 (1)	701 (51)
2013	581 (24)	220 (16)	20 (2)	70 (0)	891 (42)
2014	702 (24)	240 (18)	45 (2)	85 (1)	1072 (45)
2015	772 (32)	152 (19)	51 (1)	84 (0)	1009 (52)
2016	596 (24)	251 (13)	38 (1)	93 (0)	978 (38)
2017	736 (48)	228 (11)	55 (5)	80 (0)	1099 (64)
2018	1032 (58)	350 (10)	80 (3)	128 (3)	1590 (74)
2019	915 (53)	310 (14)	60 (1)	122 (0)	1407 (68)

Innanbygds med hund (gjeld både med fuglehund og harehund)

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Samla
2010	2	1		44	47
2011	3			51	54
2012	3			41	44
2013	5			40	45
2014	4			55	59
2015	4	1		46	51
2016	8	3	1	53	65
2017		2		49	51
2018	2	1	1	56	60
2019	5	3		49	57

Utanbygds med harehund

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Periode	Samla
2010	2	5		32	39
2011	16	7		30	53
2012	7	7	14	18	46
2013	17	7	7	31	62
2014	13	3	13	19	48
2015	4	7	14	18	43
2016	5	2	10	14	31
2017	5	4	6	29	44
2018	7	6	14	22	49
2019	7	11	6	28	52

For Nordherad fellesområde vart det samla seld 24 kort til utanbygds og 12 kort til innanbygds. I perioden 2002 – 2019 har salet variert frå 13 til 49 kort for utanbygds og frå 8 til 47 kort for innanbygds.

For rypejakt med hund for utanbygds er tilbodet 35 kort i tida 15.09 – 19.09 og 35 kort i tida 20.09 – 24.09, fordelt på tre jaktfelt og med tilbod om jakt i tre år ved fyrste gongs uttrekking. Det var i alt 108 søknader som omfattar 218 personar. I tillegg vart det opna for sal av dagskort (utanbygds med fuglehund) i tida 12. – 31. oktober, med maks. 12 kort pr. dag, som vart fordelt med 4 kort på kvar av dei tre felta. Det vart seld totalt 98 kort (33 i felt A, 34 i felt B og 31 i felt C).

2001 var fyrste året med tilbod om gratis jaktkort (og fiskekort) til barn og ungdom i Vågå til og med fylte 19 år. Det vart løyst 12 slike jaktkort i 2018. I perioden 2001 – 2018 har talet variert frå 3 til 17 kort.

Jaktrapportar

Det er innkome 32 rapportar frå dei 70 utanbygds som jakta med fuglehund. Dei har i gjennomsnitt felt 2,3 ryper per jeger og jakta ca. 3,5 dagar kvar. Frå utanbygds utan hund er det innkome 1.069 rapportar, dvs. 76 %. Dei fleste av desse gjeld 1- og 3-døgnskort. Av 122 sesongkort er det innkome 78 rapportar. Desse har i gjennomsnitt jakta ca. 6 dagar kvar, og felt totalt 87 fjellryper og 121 liryper. Frå alle rapportane (utanbygds utan hund) er det felt 512 fjellryper, 343 liryper, 25 orrfuglar, 13 storfuglar og 29 harar.

Frå innanbygds med kort utan hund, er det innlevert 27 rapportar, dei fleste var sesongkort

(70 % svar frå dei med sesongkort), og blant dei som jakta med hund 34 rapportar (69 % blant dei med sesongkort). Det er eit generelt trekk at det er felt middels med småvilt denne sesongen. Blant dei som har løyst sesongkort utan hund, har kvar av dei i gjennomsnitt jakta ca. 7,5 dagar og felt ca. 4,8 fjellryper/liryper. Ca. 13 % av jakta har skjedd etter nyttår. For dei med hund omfattar dei fleste rapportane jakt med fuglehund. Kvar av desse har i gjennomsnitt jakta ca. 13,5 dagar og felt ca. 6 liryper.

Alle 25 korta til utanbygds med harehund fyrste veka (11.-17. oktober) vart selde. Det er innkome 17 rapportar frå desse, og dei har felt totalt 15 harar og jakta i gjennomsnitt ca. 6 dagar kvar. Frå utanbygds som har løyst kort etter den 18. oktober er det innkome berre 40 rapportar (77 %). Desse rapportane viser ei felling på totalt 47 harar. Generelt er inntrykket frå jegerane at det er litt over middels med hare.

Av andre artar er det felt følgjande i Langmorkje: 41 raudrev, 7 mår, 3 røyskatt, 10 kråke, 13 ravn og 8 and. Dette er samla for alle jegerar, inkludert det som er innrapportert gjennom skotpremieordninga.

Trening av jakthundar

Frå 2009 vart tilbodet om trening av fuglehundar utvida frå området i Hoskelie (perioden 21.08-14.09) til også å gjelde i perioden februar-mars i heile Langmorkje statsallmenning, men med unntak av den delen av Jotunheimen nasjonalpark som ligg i Langmorkje. Tabellen nedanfor syner utviklinga i talet på selde treningskort (dvs. utanbygds med fuglehund).

År	1-døgn	Sesong	Samla
2010	113	12	125
2011	74	9	83
2012	63	12	75
2013	92	12	104
2014	110	18	128
2015	108	17	125
2016	99	35	134
2017	80	44	124
2018	99	40	139
2019	103	51	154

Blant innanbygds som løyser gratiskort for hundtrening, er det løyst 13 kort for bruk av fuglehund, 5 kort for harehund og 29 dagskort for trening med elghund.

Jaktprøver, terreng for trening/kurs

Det vart gjeve løyve til bruk av terreng for følgjande jaktprøver m.m. i 2019:

- Gudbrandsdal fuglehundklubb, klubbmesterskap 2. februar.
- Gudbrandsdal fuglehundklubb, jaktprøve 24. og 25. mars og 7. og 8. september.
- Øystre Slidre JFF, jaktprøve 24. og 25. august (kan disponere Leirungsmyrene).
- Gudbrandsdal fuglehundklubb, treningssamling 26. og 27. oktober.
- Jotunfjell Fjordane elghundklubb, unghundsamling 7. og 8. september.

Jotunfjell Fjordane elghundklubb har løyve (på bestemte vilkår) til å disponere Langmorkje statsallmenning for å arrangere jaktprøver for laushund og bandhund, ferskspor- og blodsporprøver. Løyvet vart revidert i 2019, og det vart arrangert 21 band-/laushundprøver og 32 blodsporprøver.

Fjellstyret vedtok frå 2015 å utvide tilbodet om trening av elghund for innanbygds etter at elgjakta er avslutta og fram til jul. Fordi det ennå kan foregå elgjakt, føreforholda kan variere osv, er val av område og tidsrom for slik trening delegert til dagleg leder. Aktuelle område er m.a. Turrhaugane – Svartlie, Grjothovdlie – Dravtjønnlie og Sallie. Det var ikkje stor pågang for slik trening sjølv om føreforholda utover hausten generelt var gode.

Viltstell

Frå 2014 vart det innført eit eige kort for jakt på smårovvilt for heile kommunen. Dei aller fleste private grunneigarlag er med på ordninga, med gratis jaktkort (for innanbygds) for jakt/fangst på raudrev, mår, mink, røyskatt, grevling, kråke, ravn, skjære og nøtteskrike. Utanbygds betaler kr. 100,- for eit slikt kort. Det er skotpremie for enkelte av artane, med poengbørs og konkurranse om flest mogleg poeng i ei junior- og ei seniorklasse. Personar i Vågå JFF tek ansvar for registrering, medan fjellstyret tek ansvar for utsending/levering kort, administrere skotpremieopplegget, poengbørs og informasjon på heimesida.

Det var 33 innanbygds som løyste smårovviltkort (48 i 2018, 40 i 2017, 40 i 2016, 47 i 2015 og 57 i 2014) og 16 utanbygds. Vidar Rugsveen vann seniorklassa, Emil Rugsveen vart nr. 2 og Alexander Skogum nr. 3 (totalt 10 som har registrert felt smårovvilt). Sveinung Myrum vann juniorklassa (berre ein i juniorklassa). Totalt vart det felt og for Langmorkje i parentes: raudrev: 48 (32), mår: 9 (7), mink: 0, røyskatt: 3 (3), grevling: 0, kråke: 31 (6), ravn: 13 (13), skjære: 26 (0) og nøtteskrike: 0. Det vart utbetalt totalt kr. 23.750,- i skotpremie, av dette kr. 15.500,- frå fjellstyret.

I samband med prosjektet sette fjellstyret opp ein ”røvs-glugg” ved Storvikssetra. Det vart inngått ei avtale med eigaren av setra om bruk av strøm. Gluggen vart populær, særleg i starten, og det vart felt fire revar både fyrste og andre året, to i 2017 og tre i 2018. I 2019 vart det felt to revar her.

Generelt om faunaen elles

I bestandsregistreringa av jerv (oppdrag for Miljødirektoratet/SNO), vart det registrert spor etter jerv i Sjødalsområdet, men aktiviteten er generelt liten. Det var ikkje registrert hekking av jaktfalk dette året, men hekking kan sjølvstøtt ha skjedd likevel. Kongeørn blir jamleg observert og med vellykka hekking i enkelte reirlokaltetar. Smågnagarbestanden må seiast å vera liten. Det vart også denne vinteren observert spor etter oter langs Sjøa.

Fiske

Som vanleg varierte fiskebettet og fangstane også dette året. På Gjende vart det eit spesielt år, med innslag av ein del mager fisk gjennom heile sesongen. Det var tydeleg ein svikt i næringsproduksjonen, spesielt dyreplankton. Dette resulterte i mindre omfang av fiske på Gjende, både med oter og garn. På Lemonsjøen var fiske på det jamne. Elles er det mykje fin og stor fisk på fleire av dei større vatna, som Øvre og Nedre Sjudalsvatnet, Bessvatnet, Lemonsjøen og Flatningen.

Fiskereglar

Det vart ikkje gjort endringar i fiskereglane før denne sesongen (vart revidert i 2018).

Kortsalet

Tabellane nedanfor syner talet på selde fiskekort dei siste 10 åra.

Innanbygds (stong, oter og faststående reiskap)

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Familie	Gratiskort	Samla
2010	24	15	6	181	123	20	369
2011	24	9	4	171	138	14	360
2012	59	13	8	197	133	22	432
2013	40	17	5	171	134	20	387
2014	65	13	8	171	144	18	419
2015	40	6	7	157	155	22	387
2016	32	10	6	119	146	7	320
2017	37	6	7	109	153	14	326
2018	30	9	10	148	136	12	345
2019	29	13	5	136	145	20	348

Gratiskortet gjeld barn og ungdom i Vågå under 20 år. Familiekort gjeld samla for 1-døgns/3-døgns/vekes- og sesongkort. Frå 2012 er det familiekort berre for sesongkort.

Stongfiske

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Familie	Samla
2010	1058	269	101	247	319	1994
2011	1101	283	90	266	286	2026
2012	1133	287	102	214	318	2054
2013	1140	270	82	212	330	2034
2014	992	241	82	211	267	1793
2015	910	201	85	172	281	1649
2016	1176	261	83	156	322	1998
2017	1045	244	95	150	328	1862
2018	1093	221	78	131	348	1871
2019	1032	222	57	137	313	1741

”Familie” gjeld samla for 1-døgnskort, 3-døgnskort, vekeskort og sesongkort.

Stong-/oter-/garnfiske utanbygds

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Familie	Samla
2010	29	8	6	32	26	101
2011	12	11	1	20	16	60
2012	42	30	14	50	27	163
2013	36	15	9	46	32	138
2014	36	27	6	50	38	157
2015	51	28	14	95	33	221
2016	53	25	12	93	48	231
2017	55	39	21	97	52	264
2018	52	27	10	89	52	230
2019	34	32	11	79	48	204

”Familie” gjeld samla for 1-døgnskort, 3-døgnskort, vekeskort og sesongkort. Frå 2012 er det familiekort berre for sesongkort.

Prøvefiske

Det vart gjennomført prøvefiske i vestenden på Gjende. I tillegg tok fjellstyret på seg prøvefiske på Gjende for NINA, med bruk av botngarn på ulike djup (ned til 50 meter) og flytegarn (0-6 meter) på ulike stasjonar over heile vatnet.

Utsettingar/fiskestell

Det vart sett ut fisk i følgjande vatn:

Lemonsjøen	5.000 (2-årig)
Flatningen	3.000 (2-årig)
Bessvatnet	1.000 (2-somrig)
Danntjønn	100 (2-årig)
Butjønn	100 (2-årig)
Hosketjønn	200 (2-årig)
Dyrtjønn	100 (2-årig)
Hindtjønn	100 (2-somrig)

Dei siste åra har fangst av goløye med ruser skjedd på Nedre Leirungen (med hjelp av Jon Jeilen) og på Surtningen. Frå 2015 vart det også starta opp att på Melingen (hjelp av Vegard Veierød og Vidar Kleiven i tillegg). Tabellen viser fangst i liter frå 2005, og med talet på ruser i parentes.

VATN	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Surtningen	49 (10)	53 (10)	70 (10)	44 (10)	52 (10)	61 (10)	32 (10)	44 (10)	35 (10)
Melingen	181 (20)	98 (10)	73 (11)	84 (18)	35 (5)				
Birisjøen		90 (10)	49 (8)						
N. Leirungen	63 (8)	59 (8)	63 (10)	76 (10)	65 (10)	50 (10)	52 (9)	52 (10)	58 (10)
Sum	293 (38)	300 (38)	255 (39)	204 (38)	152 (25)	111 (20)	84 (19)	96 (20)	93 (20)

VATN	2014	2015	2016	2017	2018	2019			
Surtningen	73 (10)	47 (10)	45 (10)	51 (10)	38 (10)	41 (10)			
N. Leirungen	63 (8)	42 (8)	60 (8)	49 (10)	52 (10)	48 (10)			
Melingen		96 (10)	181 (10)	187 (20)	209 (20)	179 (20)			
Sum	136 (18)	185 (28)	286 (28)	287 (40)	299 (40)	268 (40)			

Det vart ikkje gjennomført noko utfisking i ”overbefolka” vatn denne sommaren.

Stamfiske

Det vart stamfiske tre netter på Lemonsjøen (ca. 12 liter rogn). I tillegg er det lagt inn 10 liter rogn av Vinsternstamme i fiskeanlegget.

Andre tiltak

Tabellen nedanfor viser oversikt over utleige av båtar til utanbygds (1-døgn) og utlån av båtar til innanbygds (1-døgn), samt totalt leige/utlån dei siste fem åra (inkl. bruk av dei som kjøper sesongkort). I 2019 vart det seld 8 sesongkort til utanbygds. Samla nytta desse båten på Veslvatnet i 14 døgn, Surtningen i 2 døgn, Slomtjønn i 5 døgn, Birisjøen i 17 døgn, Griningsdalsvatnet i 1 døgn, Brurskarstjønn i 5 døgn og båten på Nedre Leirungen i 4 døgn.

Vatn	Innanb.	Utanb.	2019	2018	2017	2016	2015
Veslvatnet	5	10	29	27	24	20	20
Kvitingen	2	4	6	5	8	6	13
Surtningen	1	16	19	9	22	4	13
Melingen	0	1	1	5	12	2	0
Slomtjønn	3	33	41	39	33	33	41
Birisjøen	5	6	28	11	9	23	27
N. Birisjøtjønn	2	0	2	4	3	3	7
Griningsdalsvatn	7	2	10	7	19	26	14
Brurskarstjønn	0	0	5	5	2	7	3
Øvre Leirungen	0	3	3	13	4	2	6
Nedre Leirungen	3	5	12	21	18	17	13

Fjellstyrehyttene

Tabellen viser oversikt over talet på utleigedøgn for dei ulike fjellstyrehyttene sidan 2011. Frå 2015 skjedde sal av overnatting for bue ved Nedre Leirungen, Vargebue og Forsthytta ved bruk av Inatur.

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Bessvassbue	4	35	26	31	42	47	45	38	38
Gjendeosbue	45	48	54	63	31	48	34	52	32
Vågåbue	53	56	51	59	59	54	34	39	24
Bu N.Leirungen	12	13	4	7	23	55	12	16	26
Vargebue	35	38	35	38	94	128	112	130	143
Forsthytta				8	77	100	105	100	102

Bue ved Nedre Leirungen vart ferdig renoverert dette året.

Rekneskap

I 2019 var inntektene på kr. 4.831.253 og utgiftene på kr. 4.062.952. Dette gjev eit overskot på kr. 768.299. Detaljar om rekneskapen og økonomien elles i fjellkassa går fram av rekneskapet. Tabellane nedanfor gjev ei oversikt over viktige rekneskapstal siste åra. Årsoppgjeret er avlagt under føresetnad om vidare drift av fjellstyret si verksemd. Styret stadfestar at føresetnad for framleis drift er til stades.

Oversikt over dei største inntektene 2013 – 2019, i 1000 kr

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Fiskekort	448	435	426	537	545	541	517
Småviltjakt	387	459	468	523	564	781	694
Storviltjakt	405	459	507	436	475	528	613
Festeavgift	792	814	920	925	1.026	1.137	1.170
Refusjon oppsyn m.m.	352	366	359	363	362	366	368
Beiteleige	181	224	236	257	282	283	285
Oppsyn/tilsyn verna område	92	92	100	90	100	173	170
Sal av andre tenester	493	475	430	468	399	461	590
Utleige hytter	39	50	108	136	135	163	165
Renteinntekter	165	148	105	66	51	86	91

Oversikt over dei største utgiftene 2013 – 2019, i 1000 kr

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Samla kostnad tilsette	1.845	2.059	1.821	1.963	2.025	2.158	2.343
Godtgjersle fjellstyret	55	49	38	60	62	77	67
Kontorhald, forsikring mm.	363	406	307	385	378	417	408
Settefisk	141	175	110	188	142	156	156
Provisjon kortseljarar	111	118	125	150	156	184	176
Drift hyttene og Steinholet	56	212	102	151	116	96	147
Tilskot næringsformål	350	426	387	317	340	423	455
Tilskot allmennyttige formål	22	35	58	80	64	26	55

Rekneskapstal frå dei siste ti åra

År	Inntekter	Utgifter	Over/underskot	Eigenkapital
2010	2.887.640	2.533.793	353.847	6.878.227
2011	3.182.345	2.713.981	468.364	7.346.592
2012	3.455.710	3.486.090	- 30.380	7.316.212
2013	3.714.405	3.219.018	495.387	7.811.598
2014	3.672.188	3.803.852	- 131.664	7.688.499
2015	3.861.223	3.410.387	450.836	8.156.936
2016	3.921.418	3.542.793	378.623	8.538.002
2017	4.025.171	3.551.118	474.053	9.012.053
2018	4.675.359	3.818.002	857.335	9.402.489
2019	4.831.253	4.062.952	768.299	9.986.829

Eigenkapital omfattar sum eigenkapital minus gjeld.

Av tilskot til næringstiltak gav fjellstyret:

- kr. 200.000,- til vegstyra for setervegane i Langmorkje, vedlikehald vegar.
- kr. 58.000,- til beitelaga, til utgifter med gjeting (jf. retningsliner for tilskot).
- kr. 70.000,- til Vågåfjell turløyper, skiløypepreparering og rydding av løyper.
- kr. 100.000,- til Langmorkje almenning, skogtakst/beitetakst.
- kr. 7.500,- til Besseggen turisme, brosjyre.
- kr. 3.000,- til Odd Ymbjørgøyen, brøyting vegen i Bøneslie til Flatningen.
- kr. 7.500,- til Russdalen beitelag, inventar i ny gjetarbu.
- kr. 9.375,- til Nordås Gårdskjøt, kjølecontainer for elgslakt på Frya viltmottak.

Av tilskot til allmennyttige tiltak gav fjellstyret:

- kr. 7.500,- til Heidalskogen skianlegg, skiløypepreparering i omr. Melingen-Bøneslia.
- kr. 5.150,- til Vågå kommune, transport fiskeanlegget 7. klasse.
- kr. 7.000,- til Jegerprøvekurset, kostnad kurs for ungdom i Vågå under 20 år.
- kr. 10.000,- til Vågå JFF, våpen til m.a. Jegerprøvekurset.
- kr. 5.000,- til Steindals-/Skjellumvegen, vedlikehald veg (opp til skytebana).
- kr. 20.000,- til NINA, bok om «Fiske i Jotunheimen, frå hobby til matauk i Vågå».

Vågå fjellstyre, april 2020

Pål Grev
leder

Hans Petter Vaberg
nestleder

Turid Grimsbø Snerle
medlem

Gunn Berit Aasheim
medlem

Steinar Håkenstad
medlem

Knut Øyjordet
dagleg leder